

## Kva er farleg avfall?

Vi køyrer ekstra rute for oppsamling av farleg avfall to gonger i året.

Restar av måling, lakk, beis, lim, tynner, løysemidlar, spillolje, lyspærer, lysstoffrør, energipærer, oppladbare batteri, mobiltilf. og liknande er ikkje restavfall. Dette definerast som farleg avfall, som sorterast i eigen behaldar. Tomme målingsspann er IKKJE farleg avfall. Desse skal sorterast som metall eller hardplast og må fraktast til eit av våre anlegg.

Denne veka måtte vi køyre ekstra tur til ei av sorteringsbuene, då det var overfylt med tomme målingsspann.



Slikt kan vi IKKJE vere kjent med, då dette er avfall som kvar enkelt hytteeigar har ansvar for å levere på gjenvinningsstasjonen, heilt GRATIS.

90% av det som bilde viser er tomme målingsspann som SKAL leverast på gjenvinningsstasjonen, på lik linje som du gjer heime i din eigen bustadkommune. Det same gjeld elektrisk avfall, som og leverast gratis.

Ikkje forvent at renovatøren skal rydde etter deg. Hjelp oss å halde ryddige avfallsbuer.

Vi opplever at dei fleste er flinke til å sortere på avfallsfraksjonar, så fortsett med det.

Er det noko som er uklart, ta kontakt med dagleg leiar, Roar Karlsen Tlf: 952 16 331